

Til tingretten/byfutembetet i

Erklæring om privat skifte av dødsbu

Alle arvingane er mindreårige eller
fråtatt rettsleg handleevne

Stad og dato

Orientering om privat skifte med berre mindreårige arvingar eller arvingar med fråtatt rettsleg handleevne er tatt inn på side 2.

Opplysingar om den døde

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)	Dødsdato
Bustadadresse	Postnr.	Poststad

Den døde var då ho/han døydde: (kryss av i rette ruter)

- Ugift Gift Separert/skilt
- Attlevande ektefelle eller attlevande sambuar. Gi opp når ektefelle/sambuar døydde:
- Den døde sat i uskifta bu Buet etter den som døydde først er skifta

Testament

- Den døde etterlet seg IKKJE testament/gjensidig testament/arvepakt/ektepakt
- Den døde etterlet seg testament/gjensidig testament/arvepakt/ektepakt datert:

Testament og eventuell ektepakt skal leggest ved i original om det ikkje er oppbevart ved eller sendt inn til retten tidlegare.

Opplysingar om mogleg landbrukseigedom

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i landbrukseigedom (eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)

Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr. bnr. i kommune

Dersom nei, kryss av her:

Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje.

Opplysingar om ektefelle eller sambuar med arverett

Denne rubrikken skal eventuelt fyllast ut med namn på attlevande ektefelle/sambuar eller namn på tidlegare død ektefelle/sambuar.

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadadresse/siste bustad	Postnr. Poststad

Her skal ein føre opp arvingar som er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne og verjene deira:

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med den døde
1			
Verje:			
2			
Verje:			
3			
Verje:			
4			
Verje:			
5			
Verje:			

Skjemaet skal underteiknast på side 2.

Kort orientering for bu der alle arvingane er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne

Meir utfyllande orienteringar ligg på egne nettsider om arv under www.domstol.no.

Generelt om privat skifte

Arvingar vel som hovudregel privat skifte av dødsbuet. Ved privat skifte er det eit vilkår at minst ein myndig arving tar på seg ansvaret for pliktene (gjeldsansvaret) til den døde. Gjeldsansvar inneber at den eller dei som har tatt på seg ansvaret, sjølv(e) må dekkje eit eventuelt underskot dersom gjelda etter den døde er større enn formuen.

Skal buet skiftast privat og alle arvingane er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne, kan skifteattest utferdast utan at nokon tar på seg ansvaret for pliktene (gjeldsansvaret) etter den døde.

Gjeldsansvaret når alle arvingane er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne

Dersom alle arvingane er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne, kan buet skiftast privat utan at nokon tar på seg ansvaret for pliktene (gjeldsansvaret) etter den døde. Heller ikkje verja tar på seg gjeldsansvaret på vegne av arvingane. Gjelda skal dekkjast med midla etter den døde. Dersom gjelda er større enn verdien av den døde sine aktiva, er ikkje arvingane pliktige til å dekkje underskotet.

Arvingane blir berre ansvarlege for pliktene til arvelataren innanfor verdien av arven sin, sjå arvelova § 116 tredje ledd.

Oversikt over verdiar og gjeld i buet

For å få oversikt over buet før ein får skifteattest, kan ei verje kontakte retten for å få formuefullmakt. Den gir rett til innsyn i den døde sine bankkontoar då han døydde, og skatteopplysingar.

Ei verje kan be om at tingretten utferdar preklusivt proklama på vegne av ein arving før skifteattest blir utferda. Preklusivt proklama er ei kunngjering på nettstaden norsk.lysingsblad.no og i ei avis der kreditorane får ein frist på seks veker til å melde frå om krava sine. Men enkelte typar krav blir ikkje råka av proklama. Sjå meir om dette på egne nettsider om arv under www.domstol.no.

Opplysing om mogleg landbrukseigedom må alltid fyllast ut

Retten skal gi melding til landbruksstyresmaktene om landbrukseigedommar som den døde eigde. Om den døde ikkje eigde slik eigedom, skal det kryssast av i rubrikken der det står «nei».

Skifteattest

Skifteattest kan utferdast når alle verjene har underteikna på skjemaet, eller etter utløpet av fastsett frist (som til vanleg er 60 dagar etter dødsdatoen) dersom minst ei verje har underteikna.

Når det er utferda skifteattest, kan verjene gjennomføre det private skiftet på vegne av arvingane. Arvingane er ansvarlege for gjeld og andre plikter etter den døde innanfor verdien av arven sin. Det bør derfor lagast ei skriftleg oversikt over verdiane og gjelda etter den døde, og kor stort nettobeløp som er utbetalt til den enkelte arvingen.

Erklæring (underskrift) frå arvingen(-ane) sin(e) verje(r) om at buet skal tas over til privat skifte og at verja(-ene) er kjent med at arvingen(-ane) er ansvarleg(e) for gjelda og andre plikter etter den døde innanfor verdien av arven sin.

Sjå nærare om digital signatur på www.domstol.no

Namnet til arvingen	Verja si underskrift
Namnet til arvingen	Verja si underskrift
Namnet til arvingen	Verja si underskrift
Namnet til arvingen	Verja si underskrift
Namnet til arvingen	Verja si underskrift